



Olje- og energidepartementet

Vår ref.: 20/1060-1

Dykkar ref.:

Arkiv: K2 - S00

Dato: 01.07.2020

Høringsuttale til forslag om endring av grense for funksjonelt skilje

Viser til forslag frå Olje- og energidepartementet om å innføre krav til funksjonelt skilje mellom nettforetak og annan verksemd. Stranda kommune forventar at vår lokale styringsrett knytt til effektiv organisering og drift av kraftressursane vert respektert. Grensa for funksjonelt skilje må difor setjast til 100 000 kundar, slik den er gjort i øvrige EU-land som opererer under same regelverk. Subsidiært med minimum på 30 000 kundar.

Bakgrunn:

Olje- og energidepartementet har foreslått at grensa for funksjonelt skilje mellom nettforetak og annan verksemd i energiselskapa skal gå ved 10 000 kundar. Dette er i praksis ein kostnadsdrivande overstyring av små og mellomstore nettselskap som er teoretisk grunngjeve, utan at det løyser reelle problem. Omsynet til nøytralitet og effektiv drift er godt ivareteke utan eit funksjonelt skilje for verksemdar under 100 000 kundar.

Forslaget kjem etter mange år med debatt om grensa, og er ei innskjerping frå kompromisset i førre runde om at grensa skulle gå ved 30 000 kundar. Det er no på tide å setje ein strek for denne debatten.

Vi meiner:

- Krav om funksjonelt skilje hindrar effektiv drift, er byråkratisk, fordyrande og sentraliserande.
- Forslaget tek ikkje utgangspunkt i dagens viktigaste drivkrefter for å ivareta det som vert omtale som 3D-utfordringa: Dekarbonisering, Digitalisering og Desentralisering.
- Innføring av funksjonelt skilje fråtek lokalsamfunnet moglegheit til å organisere og drifte virksomheita på den måten som er best for eigne innbyggjarar og straumkundar. Forslaget er difor eit inngrep i lokal råderett. Lovforslaget grip urimeleg inn i eigarane sin styring av eige selskap. Myndigheitene har ikkje lagt fram korleis eigarane sin styringsrett er vurdert.
- God beredskap ved straumbrot forutset lokal nærvær av menneske og materiell. Forslaget gir særskilde fordelar til store selskap og kan tvinge fram fusjonar. Det kan føre til at viktig kompetanse forsvinn frå lokalmiljøet. Det kan få konsekvensar, som at det tek lenger tid til å få retta straumbrot.
- Lokale energiselskap har sørga for og lagt til rette for god breibandsdekning i distriktet. Dette har dei gjort fordi større aktørar, som for eksempel Telenor, ikkje har sett det rekningssvarande å satse i området deira. Mange selskap tek eit samfunnsansvar der mange ikkje vil.

Det er ei sjølvfølgje at energibransjen ivaretek nøytralitetskrav og kontinuerleg effektiviserer. Men utviklinga må vere styrt av eigarane. Fusjonar bør finne stad om eigarar og selskap sjølv ser fordelar ved dette, og ikkje som eit resultat av ei lovendring som unødig grip inn i organiseringa av selskapa.

Lokale energiselskap er garantistar for lokal forankring og mangfald i bransjen. Fordelane og utfordringane for lokalt forankra verksemd er mange. Norge har i dag truleg eit av verdast best fungerande nettsystem og høg leveringssikkerheit. Selskapa har eit klar fokus på å redusere kostnader og forbetre kvalitet, og mange mindre selskap ligg høgt på NVEs effektivitetsmålingar.

Vi meiner at forslaget for funksjonelt skilje på 10 000 vil føre til sentralisering og tap av arbeidsplassar. Det er difor nødvendig å stoppe byråkratiseringa av våre lokale kompetansearbeidsplassar.

Grensa for funksjonelt skilje må difor setjast til 100 000 kundar, slik den er gjort i øvrige EU-land som operere under same regelverk. Subsidiært med eit minimum på 30 000 kundar.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Jan Ove Tryggestad
Ordførar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.
